

RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLODato: 08.01.2018  
Vår ref.: 2014/11640-116  
Saksbehandlar: tortittl  
Dykkar ref.:

## Framtidig organisering av Kystpilegrimsleia. Framlegg om søknad til verdiskapingsprogrammet 2018

### Bakgrunn

Kystpilegrimsleia er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, bispedømmet og Riksantikvaren.

Prosjektet har gått føre seg frå 2013 og har som mål å etablere Kystpilegrimsleia som samanhengande reiseruter langs kysten, både som ei pilegrimslei og ein europeisk kulturveg, basert på den historiske pilegrimsferdsle til sjøs. Bruk av leia skal fremme kunnskap om historie og kulturminne, religiøse opplevingar, auka miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og legge til rette for bruk og vern av kulturarven.

I desember 2017 vart Kystpilegrimsleia godkjend som del av den nasjonale pilegrimssatsinga under Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim.

Prosjektet Kystpilegrimsleia vil verte avslutta i 2018 med opningsmarkeringar og opningsseglas på heile strekket frå Eigersund i sør til Nidaros i nord i løpet av juni månad.

### Kystpilegrimsleia over i ein ny fase - innspel frå Riksantikvaren

I prosjektplanen for Kystpilegrimsleia har det frå starten av verte føresett at prosjektet skulle avsluttast i 2018. Riksantikvaren har signalisert at dei er oppteke av korleis ein skal gå frå prosjekt til driftsfase. I brev datert 26.10.2017, skriv Riksantikvaren:

*Nasjonalt pilegrimssenter (NPS) som er ein del av Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, har tidlegare formidla at dei ikkje kan overta ei stor, ny arbeidsoppgåve utan å få styrka ressursane sine. Riksantikvaren meiner at styringsgruppa for Kystpilegrimsleia difor må planleggje korleis arbeidet kan føres vidare etter at prosjektperioden blir avslutta sommaren 2018. Det er naudsynt å få på plass ein organisasjon og sikre finansiering av vidare drift og utvikling. Fylkeskommunane må etter Riksantikvarens oppfatning ta hovudansvaret for vidareføringa av arbeidet. Kystpilegrimsleia er ein regional verdiskapingsssatsing som det er naturleg at fylkeskommunane alltid har ei sentral rolle i. Dialogen med NPS bør samstundes førast vidare med tanke på å klargjere kva ansvar NPS bør ha.*

*Riksantikvaren ber derfor styringsgruppa på neste møte ta opp korleis arbeidet skal halde fram etter 2018 og sørge for ein konklusjon i god tid før prosjektperioden er over. Det er naudsynt å komme fram til ei organisering og finansiering som gjer at Kystpilegrimsleia blir ei varig*

*alternativ pilegrimslei langs middelalderens seglingsrute.*

### **Terreng – og kart**

Godkjenninga av Kystpilegrimsleia som nasjonal pilegrimslei representerer eit tideverv i den forstand at den maritime kulturarven på dette feltet no for første gang kjem inn med full tyngd på eit forvaltningsområde, som hittil har vore dominert av landbaserte pilegrimsruter.

Den statlege modellen for pilegrimssatsinga er lagt opp i *Strategi for pilegrimssatsing* frå 2012, som fortsett er gjeldande. I arbeidet med ny langtidsplan for pilegrimssatsinga skal den statlege organiseringa og finansieringsordninga vurderast. Arbeidet er antatt å ferdigstillast i løpet av 2019.

30.11.2017 hadde representantar frå Kystpilegrimsleia møte med Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR)/Nasjonalt Pilegrimssenter (NPS). Etter møtet sendte NPS oss eit notat der dei utfordra oss til å tenke modellar som kunne ta høgde for dei utfordringar eit opptak av Kystpilegrimsleia i den statlege pilegrimssatsinga kunne medføre. Om organiseringa av pilegrimsarbeidet, heiter det i dette notatet mellom anna:

*I Strategi for pilegrimssatsning fra 2012 (...), heter det at det nasjonale og de regionale pilegrimssentrene finansieres med årlige statlige bidrag over budsjettene til Miljøverndepartementet/Riksantikvaren, Nærings- og handelsdepartementet/Innovasjon Norge, Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet og Kulturdepartementet.*

*I dag er det kun Kulturdepartementet som gir et statlig bidrag til pilegrimssatsningen. Det statlige bidraget går i dag til Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, som Nasjonalt Pilegrimssenter er organisert inn under.*

*I tråd med strategien fra 2012, gir Nasjonalt Pilegrimssenter et tildelingsbrev til de 5 Stortingsoppmeldte regionale pilegrimssentrene langs Gudbrandsdalsleden. I sum mottar de ca. en million kroner hver hvert år, men summen har vært nedadgående de siste årene.*

*Foruten de 5 Stortingsoppmeldte regionale pilegrimssentre, tildeler Nasjonalt Pilegrimssenter ca. en million kroner til Nidaros Pilegrimsgård som ivaretar mottakelsen av pilegrimer som kommer til Nidaros i tillegg til å utøve et operativt ansvar for pilegrimsleden i Sør-Trøndelag.*

*I strategien fra 2012 er kommuner og fylkeskommuner langs leden oppfordret til å ta ansvar for merking og skjøtsel. I praksis gir dette noe variasjon i oppfølging av oppgaver langs leden, men i det hele store gjøres det et godt arbeid. Mange kommuner har laget seg en ordning med tildeling av midler til frivillige organisasjoner som rydder og merker pilegrimsleden.*

Vi ser at det med tida har vorte færre departement som er direkte involvert i pilegrimsarbeidet som nasjonal satsing, og økonomisk kan utviklinga av ressursar på det statlege plan sett under eitt vere under eit visst press. Organisatorisk er pådrivar og forvaltningsrolla for dei nasjonale pilegrimsleine lagt til NDR/NPS, og vi har ikkje registrert signal om dette skal endrast med det første.

I tillegg til dei stortingsoppnemnde regionale pilegrimssentra, syslar fleire fylkeskommunar med å etablere sine egne regionale pilegrimssentra, også i Kystpilegrimsleia. Desse sentra er jamt over - eller vil jamt over verte - registrert som sjølvstendige organisasjonar med egne styre.

Vidare finst det døme på pilegrimssentra som er organisert som aksjeselskap og som er heilt fristilt Nasjonalt Pilegrimssenter (Stiklestad).

Sett under eitt, kan det virke som om pilegrimsarbeidet kan ha trong for eit kart som i større grad «les terrenget» og kan som bidra til harmonisering og ryddighet mellom det regionale og det statlege planet.

Desse utfordringane vart tekne opp på prosjektgruppemøtet i Bergen 21.11.2017.

I sak 7 – Vidare oppfølging av Kystpilegrimsleia etter prosjektavslutting – heiter det mellom anna:

*Etter diskusjon i prosjektgruppa vart det konkludert med at det vil vere behov for å løfte denne saka opp til politisk nivå. I første omgang må styringsgruppa få høve til å vurdere ulike modeller og alternativ for tilnærmingar til spørsmåla om framtidig forvaltningsansvar, organisering og finansiering.*

Styringsgruppa fekk lagt føre seg nokre forslag til modellar og prinsipp for dei i møte 8. desember, og prosjektgruppa fekk i oppdrag å gå vidare med dei med tanke på av avgjerd på nytt møte i styringsgruppa 31.01 – 01.02. 2018.

### **Å tenke nye kart**

Vi trur at planlegging av framtidig organisering av Kystpilegrimsleia må ha som utgangspunkt at Kystpilegrimsleia i 2018 er ein av fleire nasjonale pilegrimsleier organisert under Nasjonalt Pilegrimssenter. Dette utelukkar ikkje regional medverknad, men søking etter tenlege modellar er å finne i det handlingsrommet som kan gje heilskap og balanse mellom regionalt og nasjonalt forvaltningsnivå og som gjer arbeidet med den statlege langtidsplanen til førande for tenkinga.

Det er også tenleg å gje arbeidet ei retning som avgrensar kva som skal vere det inter-regionale prosjektet (Kystpilegrimsleia) sitt ansvar i høve til fylkesvise initiativ for å opprette eigne pilegrimssentra.

Vi rår til at ein i val av innfallsvinkel legg opp til eit prosjekt som ivaretek:

1. Endringa av Kystpilegrimsleia frå utviklingsprosjekt til permanent organisering
2. Organisering av det nye prosjektet slik at den regionale innsatsen harmoniserer med og styrkar det nasjonale pilegrimsarbeidet

### **Kystpilegrimsleia over i ein ny fase – forslag til utviklingsprosjekt under verdiskapingsprogrammet**

Planlegging av framtidig organisering av Kystpilegrimsleia må ha som utgangspunkt at Kystpilegrimsleia i 2018 er ein av fleire nasjonale pilegrimsleier organisert under Nasjonalt Pilegrimssenter.

Nidaros Domkirkes Restaurereringsarbeider/Nasjonalt Pilegrimssenter har kome med innspel til mandat for den nye langtidsplanen for pilegrimsarbeidet. Arbeidet vil venteleg først konkludere i 2019.

**Så lenge langtidsplanen ikkje er klar og endeleg organisasjonsform ikkje er valt, vert det etablert eit utviklingsprosjekt som på mellombels sikt kan ta ansvar for vidareføringa av Kystpilegrimsleia etter prosjektslutt og som kan gjere det lettare å fase inn Kystpilegrimsleia i det nasjonale pilegrimsarbeidet.**

*Skisse til prosjekt:*

1. For å balansere regionalt og statleg nivå, rår vi til at prosjektleiinga for utviklingsprosjektet vert lagt til NPS.
2. Prosjekteigarar vert dei fem fylkeskommunane som står bak Kystpilegrimsleia.
3. Riksantikvaren, kyrkja, styret for Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider/Nasjonalt Pilegrimssenter sit i styringsgruppa for prosjektet med ein representant kvar i tillegg til ein politisk oppnemnd representant for kvart av dei fem fylka. NPS deltek som prosjektleiar.
4. Nøkkeltader i regionane, som Selje, Smøla, Moster, Avaldnes o.a., inngår i denne samanhengen som regionale ressursar i utviklinga. Om regionale nøkkeltader inngår i fylkeskommunale planar for utvikling til pilegrimssentra, er dette underlagt andre planar og skjer uavhengig av prosjektet «Kystpilegrimsleia over ei ein ny fase».
5. Kvart av dei fem fylka bidreg med kr 100.000 – RA vert omsøkt kr 500.000 i 2018
6. NPS, kvart fylke og dei regionale ressursentra sit i arbeidsgruppe

**Konklusjon**

Vi vonar at skissa til prosjekt er i tråd med signal i dykkar brev av 26.10.2017.

Endeleg søknad vert ettersendt med atterhald om godkjenning i styringsgruppa for Kystpilegrimsleia 31.01 og 01.02.2018 og politisk handsaming i kvar av fylkeskommunane.

Per Morten Ekerhovd  
kst. Fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE v/Knut Wik  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE KULTURAVDELINGA v/Bjørn Ringstad  
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE NÆRINGS- OG KULTURADMINISTRASJON  
v/Eva Moberg  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE KULTURAVDELINGEN v/Jan G. Auestad